



Årsrapport for 2013

Finnås Kraftlag SA



Me e' der når nåke skjer!

Visjonen skal visa at me vil vera nær kundane våre, og stå til teneste i alle situasjonar.

Me i Finnås Kraftlag skal vera:

Servicevenlege: Me står til teneste for kundane og kvarandre, med fleksibilitet og godt humør

Dyktige : Me utfører oppgåvene våre med solid fag- og lokalkunnskap

Rettskafne : I små og store saker skal det synast at me er rettferdige, ærlege og til å stola på

Offensive : Me møter utfordringane våre offensivt og løysingsorientert

2013

På veg inn i framtida

På mange måtar var 2013 eit normal år for oss i Finnås Kraftlag. Etter at aktiviteten i byggebransjen var relativt låg i 2012, stabiliserte den seg på eit litt høgare nivå i 2013. Deltakinga vår i dei store vegprosjekta har i tillegg gjort at aktivitetsnivået vårt totalt sett har vore normalt høgt. I den første delen av året hadde me stort sett lagleg vær, med lite utkoplingar på grunn av feil. Dei siste månadane, november og desember, tok igjen for godvêret tidlegare på året, slik at me også her kom ut med ein avbrotstatistikk på det jamne.

For Finnås Kraftlag har ein langsiktig strategi vore å investera i meir kraftproduksjon gjennom eigarskapen sin i SKL. I ein periode har SKL arbeidd med planar om oppkjøp av aksjar i BKK for å styrkja satsinga si på kraftproduksjon. Desse forhandlingane er no avslutta utan realisering.

No ved årsskiftet er fleire av dei større veganlegga i Bømlopakken ferdigstilte. Desse delanlegga har vore krevjande for oss, både med tanke på å fylgja dei nye vegtraseane med nye føringsvegar for kraftkablane våre, og med mellombels omlegging for å gje entreprenørane plass til å utføra anleggsarbeidet sitt. I ei tid framover vert det rolegare på denne fronten, fram til nye deler av Bømlopakken blir sett i sving.

Ser me framover er den største utfordringa som møter oss dei neste åra innføringa av

AMS, avanserte måle- og styringssystem. Dette er eit omfattande prosjekt, også kalla «Smart Strøm», som styresmaktene har vedteke skal innførast for alle store og små straumkundar i heile Norge. Kort fortalt er det eit system som gjer at all målaravlesing vert automatisert. Kunden vil i framtida sleppa å lesa av og senda inn målaravlesinga si til Kraftlaget. Avlesingane vil skje på timebasis, og laga opning for fleire nye tenester for straumkundane. Alle måleverdiane skal samlast i ein stor felles database. Dette skal gjera det endå lettare å skifta straumleverandør, og få tilgang til tenester knytt til energisparing osv. Ordninga skal vera på plass innan 1. januar 2019. Det er sagt at dette vil vera den største moderniseringa i straumnettet nokon gong. For oss i Finnås Kraftlag vil innføringa av Smart Strøm bety store endringar i kvardagen vår. Når store endringar skal skje, er det ein fordel å stå saman med andre. Difor samarbeider me med dei fleste kraftlaga i regionen, og med dei store energiverka på Vestlandet. Mellom anna er det stifta eit eige selskap som skal stå for drifta av innsamlinga av alle måleverdiane. Selskapet har fått namnet Validèr. Me eig i dette selskapet saman med 20 andre kraftlag. Som straumkunde vil du ikkje merka noko til denne omlegginga på 2-3 år enda. Me er overtydde om at endringane vil vera til det beste for deg som straumkunde.

Me er på veg inn i framtida.


Takk til alle tilsette for flott innsats i 2013.

Nils Gunnar Gloppen
Elverksjef

Fakta om Finnås Kraftlag SA

Føremål

Finnås Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital. Føremålet til selskapet er å fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet, eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning, omsetja elektrisk energi, produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg, eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyser, driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet, delta i tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde, og yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet



Medlemstal

Pr 31.12.2013 har Finnås Kraftlag 3363 registrerte medlemmer

Oppgjør for partmedel

Arbeidet med innløyning av partmedel heldt fram i 2013. Pr 31.12. er det partar med ein samla verdi på om lag 3,8 mill. som framleis ikkje er innløyst.

Personale:

Ved utgangen av året var det 28 fast tilsette og 2 lærlingar. Til saman vert dette om lag 28,6 årsverk.

Eigarskap i andre føretak:

Finnås Kraftlag er medeigar i SKL as med 10 %. 10 % av middels produksjon i SKL as er 160 GWh. Dette er meir enn forbruket av kraft på Bømlo. Frå desember 2013 er me ein av 21 eigarar i driftselskaper Validør, som er oppretta for å stå for innsamling av måleverdiar ved innføring av AMS. Grønn Kontakt er ein nasjonal operatør av eit nettverk for lading av el-bilar. Nettverket kan tilby lading i store delar av landet.

Eigedomar:

Administrasjonsbygg med lager, garasje, kaldlager/ stolpelager og carport, har ei samla grunnflate på 3077 m2 bygning.

Tomta er på omlag 12 da. med omlag 2 da. grøntanlegg.

Ekornsæter stasjon

Stasjonsbygget er på 117m2 og utstyrt med 5 stk. 22 kV brytarfelt for utgåande linjer. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Deler av anlegget er eigd i lag med SKL.

Børøysund stasjon

Stasjonsbygget, med 3 utgåande effektbrytarfelt, stasjonstransformator og målefeldt med meir, er på 150 m2, inklusiv kontrollrom og hjelpeanlegg. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Tomta er på 2 da. Deler av anlegget er eigd i lag med SKL.

Fordelingsnett

Høgspennnett:

Laget hadde ved slutten av året:

- 145,6 km 22 kV luftlinjer (149,0)
- 4,5 km 22 kV hengekablær (4,5)
- 1,1 km 5 kV luftlinjer (1,1)
- 8,2 km 22 kV sjøkablær (7,6)
- 82,8 km 22 kV jordkablær (79,2)
- 2,6 km 5 kV sjøkablær (2,6)

Nettstasjonar:

Ved utgangen av året hadde Finnås Kraftlag 314 fordelingstransformatorar i drift, med samla yting 66.272 kVA. Transformatorane er plasserte i 302 nettstasjonar. Av desse er 62 masteanlegg,

Fakta om Finnås Kraftlag SA

med i alt 63 transformatorar. Dei andre 240 nettstasjonane er ulike typar kioskar, som til saman inneheld 2251 transformatorar. 14 masteanlegg med plattform må renoverast før 1.1.16.

Lågspennett:

Ved slutten av året består nettet av:

- 405,819 km luftlinjer, medrekna vegljøslinjer (402,95)
- 257,835 km jord- og sjøkablar (252.500)


Breibandnett

Status pr. 31.12.13

- ca. 677 km fiberkabel av dette 114 km jordkabel
- 16 stk. nodestasjonar
- 3640 stk. privatkundar tilknytt nettet
- 160 stk. bedriftslinjer
- 23 stk. kommunale lokasjonar

Veglys

Ved årsskiftet er det i drift 2101 kommunale veglyspunkt langs offentlig veg. I tillegg kjem veglysanlegg for Hordaland Fylkeskommune. Desse anlegga er registrert som egne anlegg, med måling. Ein mellombels avtale regulerer samarbeidet om vedlikehald av veglys, som Bømlo kommune har økonomisk ansvar for.



Medlemskap i organisasjonar

Laget er tilslutta Kommunenes Sentralforbund, EnergiNorge, Opplæringskontoret HSO, Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet REN, IFER; InteresseFelleskapet for Energiverkene i Regionen, Bømlo Næringsråd og Bømlo Reiselivslag.

Nettkundar (aktive leveringspunkt)

Ved utgangen av året var det 7652 kundar tilknytt nettet, medrekna vegljøslinjer og mellombels anlegg. Nettoauken av nye kundar gjennom året er 168.

Straumprisar gjennom året

Kraftpris

Finnås Kraftlag sin gjennomsnittlege kraftpris til kundane, inkl. avgift for 2013 har vore 38,12 øre/kwh (28,89 øre/kwh i 2012).


Snittprisen i Sunnhordland var 40,78 øre/kwh

Nettleige

For hushald var Finnås Kraftlag sin nettleigetariff 53 øre/kwh (49,9 øre/kwh i 2012), inkl. 11,61 øre/kwh i el-avgift og 25 % mva.

Snittpris i Sunnhordland 59,9 øre/kwh.

Summen er berekna ut frå eit forbruk på 20 000 kwh pr. år.



Energi- og effektuttak

Tabellen nedanfor viser energiuttak og effektuttak dei seinare åra, registrert i leveringspunktene våre, Ekornsæter og Børøysund stasjonar, samanlikna med kundemassen.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Energiuttak	149,2	155,3	170,9	155	166,4	167,7
Effektuttak	29,63	33,91	36,35	32,36	34,92	37,63
Antal nettkundar (lev.punkt)	7029	7172	7306	7441	7483	7652

Maksimaluttaket i effekt vart målt til 37,63MW, målt i januar månad 2013.

Oversyn over overføring

	2012	2013	Endring i %
Max effekt (MW)	34,92	37,63	7,8
Energiuttak (kWh)	166.390.532	167 718 665	0,8
Brukstimar (t)	4 765	4 457	-6,5
Samla overføring(kWh)	154.656.449	158 016 496	2,2
Samla kraftsal (kWh)	113.238.279	114 817 294	1,4
Overføringstap	11.012.173	9 702 169	
Overføringstap (%)	6,6 %	5,8 %	

Styret

Styret har vore samansett slik:

Styret

Styreleiar: Torleiv Fylkesnes
Nestleiar: Anne-Beth Njærheim
Styremedlem: Ove Grønås
Styremedlem: Martin Laurhammer
Styremedlem: Eli Furnes
Styremedlem: Signe Lund Jansen
Styremedlem: Reidar Sortland, vald av dei tilsette

Observatør frå Bømlo kommune: Odd Harald Hovland

Vararepresentantar

1. varamedlem: Haldri Karin Engenes
2. varamedlem: Karl Totland
3. varamedlem: Haldis Hovland

Vara for dei tilsette: Rune Nesse

Vara for kommunen sin observatør:
Sissel Johnsen.

Generelt

Verksemda

Finnås Kraftlag sitt forsyningsområde er Bømlo kommune, med unnatak av Brandasund. Verksemda vår er retta mot nettdrift og kraftomsetning, og mot utbygging og levering av breibandtenester til medlemmane. I føremålsparagrafen er det formulert slik:

Føremål

Finnås Kraftlag er eit allmennyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital. Føremålet til selskapet er å:

- fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet,
- eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning,
- omsetja elektrisk energi,
- produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg,
- eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyser, og
- driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet,
- delta i tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde, og
- yte gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområde

Finnås Kraftlag sel kraft berre til medlemmane sine, og andre kundar i forsyningsområdet.

Som netteigar driv Finnås Kraftlag distribusjon av kraft hovudsakleg på 22 kV-nivå og på lågspent. Mindre område er forsynt på 5kV. Høgspennet nett deler seg med ca. 62 % luftlinjer og ca. 38 % kabel.

Finnås Kraftlag sel tenestene frå Altibox, i eit samarbeid med Haugaland Kraft. Desse tenestene er svært viktige for informasjonsutvekslinga til/frå Bømlo, via TV, telefon og Internett.

Vidare drift

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av vidare drift. Styret stadfester at denne føresetnaden ligg fast.

Arbeidsmiljø og personale

Ved årsskiftet har Finnås Kraftlag totalt 28,4 årsverk, fordelt på 28 faste stillingar og to lærlingar.

Fråværsprosent: 2,9 %.

Finnås Kraftlag er IA-bedrift.

Me har eit godt samarbeid med YSST HMS-senter, som støttar oss med mange av dei lovpålagde HMS-funksjonane. Ei intern kartlegging syner at arbeidsmiljøet og trivselen på Kraftlager er svært bra. Det er ei viktig oppgåve i fortsetjinga å kunna oppretthalda og gjerne forbetra miljøet. Arbeidsmiljøutvalet har hatt to møter i 2013. Det er ikkje registrert arbeidsuhell med personskade i 2013, men ei hending er definert som nesten-ulukke.

Likestilling

Finnås Kraftlag har som målsetting at begge kjønn skal handsamast likt.

Av dei fast tilsette er sju kvinner og 21 menn. I styret er 3 kvinner og 4 menn.

Ytre Miljø

Finnås Kraftlag er oppteken av å ta vare på det ytre miljøet. I samband med fornying og nye byggingar av forsyningsveggar, søker me å finna løysingar som er skånsame mot naturen og busetnaden. Her er det og tenkt på ein mogleg helse- og miljørisiko knytt til straum og kraftlinjer.

Kraftlaget har etablert faste rutinar for avfallshandtering, med kjeldesortering av papir, transformatorar, elektroteknisk utstyr, oljeavfall, kabel- og leidningsrestar, trevirke, batteri, datautstyr, osv. Alle anleggsområde vert rydda for alt materiell etter at arbeidet er avslutta.

Krafttransformatorar inneheld olje. Ved havari på transformatorar kan det skje lekkasje til naturen. Me har ikkje hatt slike hendingar i 2013.

Samarbeid med andre verksemder

Me samarbeider med andre kraftlag i regionen om tenester knytt til IKT. Dette samarbeidet er tenleg, fordi det sparar oss for å byggja eigen kompetanse på systema.

Gjennom mange år har me vore tilknytt driftssentralen på SKL. Dette samarbeidet bidreg godt til effektiv drift og overvaking av kraftnettet vårt.

IFER-samarbeidet er ein viktig møtestad og eit viktig organ for oss mindre kraftlag. Gjennom denne fellessatsinga kan me oppretthalda høg kvalitet på tenestene våre ovanfor kundane. Også i 2013 har AMS og HMS og vore viktige tema i samarbeidet. Innan beredskap har me hatt særleg nytte av dette samarbeidet, der ein felles koordinator er ein viktig føresetnad for eit godt beredskapsarbeid.

Me har også i 2013 levert tenester til andre kraftlag innan opplæring relatert til nettdrift, og i eit prosjekt med revisjon av internkontrollsystem i regi av IFER.

Deler av tilsynsoppgåvene vert utført i eit samarbeid med SKL, og Haugaland Kraft hjelper oss med naudsynt brannetterforsking.

Informasjon

Også for 2013 sendte me ut Energikalenderen, som er ein informasjonskalender med el-tryggleiks-informasjon og påminning om avlesingsdatoar til kundane våre. Kalenderen som var rikt smykka med bilete frå Bømlø, var laga av Janne Robbestad. Kalenderen har fått god mottaking hos kundane.

Samfunnsengasjement

Dei siste 15 åra har Kraftlaget støtta lag og organisasjonar på Bømlø med kring kr 38 mil som allmennyttige gåver.

Finnås Kraftlag har i år hatt sponsoravtale med Bømlø Teater, og støtta fleire andre lag med sponsormidlar.

Om drifta

Nettdrift

I løpet av 2013 har all høgspenkabel innanfor anleggsområdet langs FV 542 Stokkabekken – Rubbestadneset kome på plass, men utan at desse er heilt klare for driftssettjing. Ein ny nettstasjon Rubb Tunnel er sett i drift. Langs veganlegget på FV 14, Stavland Bjøddledalen er det lagt høgspenkabel. Her er ny nettstasjon Storavatnet sett i drift, nettstasjon Bjøddledalen er skifta og ny nettstasjon i Olakjosen er driftssett.

Arbeidet med å forbetra forsyninga i området kring Mosterhamn er i gang, og i løpet av året vart nettstasjon Notlandsvåg skifta, og ny nettstasjon i Sjakto klargjort for driftssettjing.

På Moster er og ein ny nettstasjon for bustadfeltet i Øyjordsvikjo, og ein nettstasjon for hyttefelt på Jektaneset sett i drift.

På Langevåg har utviking av bustadfeltet på Vespstadhaugen medført etablering av ein ny nettstasjon.

Bremnes Seashore as har lagt ut eit oppdrettsanlegg ved Trettholmen. For å straumforsyna dette anlegget, har Kraftlaget lagt ein høgspenkt sjøkabel frå nettstasjonen på Katla til ein ny nettstasjon på Røyrvåg.

Nettstasjon Wichmann 3, er utvida med ein ekstra transformator for Olvondo Industries.

Linja og transformatoren på Hillesøy er riven. Her vert forsyninga no driven ved hjelp av lågspenkt frå Helgeplass.

Koplingsanlegget i nettstasjon BBR vart skifta ut, både på høgspentsida og lågspentsida.

Det er såleis etablert fem nye transformatorkrinsar i 2013, medan det har vore ein i avgang.

Nettstasjonane Katla, Notlandsvåg, Olakjosen, Bjøddledalen og Storavatnet er skifta ut.

Me hadde ein netto tilgang på driftsatte høgspenktablar på 4,2 km, medan netto avgang på høgspenktlinjer er 2,4 km.

Lågspenktettet er bygd om og forsterka i dei krinsane der det er sett inn nye nettstasjonar.

Anlegg under arbeid, planar

Dei omfattande vegarbeida i Bømløpakken gjer det mogleg å byggja om gamalt luftnett i eit høgare tempo, og med meir framtidsretta løysingar enn det som elles ville late seg gjera. Arbeidet med å fullføra høgspentanlegget mellom Stokkabekken og Rubbestadneset pågår for fullt. Langs FV 14, Stavland – Bjøddledalen føregår riving og dei siste omleggingane i lågspentanlegget. Kraftlaget deltek med ombyggingar i anlegget i Røyksund, og planlegging for omleggingar og nyanlegg i samband med parsellane Stokkabekken – Siggjarvåg, og Hestaneset – Løvegapet er i gang.

I lag med BVA er Kraftlaget i gang med eit større arbeid for å leggja høgspentanlegga i området Brekke – Sæverud – Øyero i bakken.

Driftsavbrot

2013 såg lenge ut til å verta eit usedvanleg fredeleg år i høve til driftsavbrot. Men sterk toreversaktivitet seinhaustes, og ein vindfull desembermånad sytte for at feilstatistikken normaliserte seg, og vel så det. I 2013 hadde me i alt 41 avbrot i forsyninga på grunn av feil. To skuldast feil i overliggande nett, medan 39 skuldast feil i eige anlegg. Av desse var 10 kortvarige (mindre enn 3 minutt), og skuldast i hovudsak lynoverspenningar og fugl. Dei langvarige avbrota resulterte i 10 transformatorhavari, eitt på grunn av lause deler og ni grunna lyn. Fem avbrot skuldast feil i brytarar, og eitt skuldast feilkopling. Ein jordkabel havarerte på grunn av gravearbeid, og feil ved ventilavleiarar har vore årsak til eitt avbrot. Det har vore skifta høgspentsikringar i seks transformatorkrinsar. En gjennombrøt travers, og eit brot i en lup, er og av dei skadane som har vore. Nokre avbrot har ingen konkret forklaring, men har kome i samband med uver.

Nettleige

Finnås Kraftlag si totale nettleige (ved forbruk på 20 000 kWh) i 2013 var 53 øre/kWh, inkl. 11,61 øre/kWh i el-avgift og 25 % mva.

Rabatt

Etter budsjettert inntektsramme var det lagt opp til ein rabatt til kundane på 8,125 øre/kWh inkl. mva. Den endelege ramma gav ein rabatt på 7 øre/kWh inkl. mva. Samla rabatt inkl. mva var kr. 11 mill. Rabatten vert gitt for at delar av utbytte frå SKL skal koma kundane direkte til gode.

Breiband

I 2013 vart 340 nye kundar knytte til fibernettet vårt. Me har no totalt 3 640 privatkundar tilslutta nettet. Saman med Haugaland Kraft og andre kraftlag rundt oss, er det no totalt omlag 28 000 private kundar kopla til fiber. Me opplever eit jamt tilsig av nye kundar, både frå fritids- og einestader. Det er spennande og utfordrande at mykje av tilveksten i nye kundar skuldast eldre brukarar som logger seg på Internett for første gong. Det er tydeleg at kundane styrer TV-dagen sin meir sjølv. Me kan merka det med at meir enn 50 % av kundane har opptaksfunksjon på dekodarane sine. Dei fleste husstandane har òg gjerne to TV-dekodarar. I 2012 leverte me dei første alarmanlegga for bustadhus, med alarm ved innbrot og brann. I løpet av 2013 har talet auka slik at me no har eit 20-tals hus tilslutta denne løysinga. Kapasiteten for breibandnettet inn og ut av øya er på 10 Gb, begge vegar. Gjennomsnittleg bruk ligg for tida på 2,8 Gb inn til oss, og 1,5 Gb ut av området.

Drift av fibernettet

Fibernetet har vore stabilt og utan særlege feil eller skadar i driftsåret. Nokre mindre viktige kablar er blitt skada av gravemaskinar, og berre eit avgrensa antal kundar har blitt skadelidande. Det siste året har me røynt ein ny form for truslar mot systema våre i form av DDos angrep (internett angrep). Desse angrepa skader ikkje dei fysiske anlegga, men gir dårlegare tenester over kortare tidsrom på 2 til 30 minutt for ein eller fleire kundar. Utfordringane som desse angrepa forårsakar, blir handtert av Altibox i Stavanger.

Plan for 2014

Den stadige pågangen av nye kundar gjer at det er utfordrande å halda korte leveringstider. Dei nye veganlegg i Bømlapakken stiller krav til oss med tanke på planlegging og installasjon av nye føringsvegar for fibernetet. For tida er det traseen Eikeland – Røyksund som krev oppfylgging. Ny sjøkabel til Espevær er på plass, og skal knytast saman med fibernetet på landsida og ute på Espevær i 2014. Fibernetet krev kontinuerlig vedlikehald. Mellom anna skal tidlegare luftkursar flyttast over i nye føringsvegar lagt i røyr i vegtraseane. I samarbeid med dei andre breibandsselskapa i regionen, arbeider me kontinuerlig med oppsett av reserve forsyningsvegar for breiband. Dette kjem alle kundane i regionen til gode.

Kraftomsetnad

Finnås Kraftlag sel kraft til kundane som spottpris med påslag, kalla kraft til innkjøpspris, eller til fastpris. 2013 tok til med ein spottpris på 25,4 øre/kWh. I veke 15 var spottprisen den høgaste for året med 40,4 øre/kWh. I veke 25 var spottprisen lågaste for året med 21,9 øre/kWh. Spottprisen var gjennomsnittleg for heile året på 29 øre/kWh mot 21,9 øre/kWh i 2012, noko som må reknast som ein «normal» kraftpris.

Fjernvarme

Finnås Kraftlag har etablert varmeanlegg i byggefeltet på Stavlandsneset, i Bygdatunet og i Bømlø kulturhus.

Det lokale el-tilsyn, DLE

Målsettingane for DLE-arbeidet i 2013 vart oppnådde. I september 2013 fekk DLE installert eit nytt data verktøy med namnet SAFE. Dette med von om å tilfredstilla krava frå Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB) og å halda god orden på det aukande antal tilsynsobjekt.

Det er totalt 6750 tilsynsobjekt under det lokale el-tilsynet i vårt område. Private anlegg, bustader og liknande, utgjer 5674 av desse tilsynsobjekta. Det vart utført anleggskontrollar og tilsyn ved 160 nyare bustader, rorbuer, naust og hytter (alder: 0 -2 år) og 94 eldre bustadar. Elektroentreprenørar utgjer 5 tilsynsobjekt, berre 3 av dei er aktive.

Styret si Årsmelding

Det er blitt utført revisjon og kontroll av IK-systemet til dei to største elektro installatørane våre.

DLE har også i 2013 hatt prosjekt med særleg fokus på byggeplasskontrollar, ulovleg arbeid, og om arbeid blir utført utan elektro-kompetanse.

Eitt utanlandsk firma utan elektrokompetanse er blitt stansa av DLE.

Ansvar og kontroll kring kabelgrøfter, jordingsanlegg og legging av inntakskablar har vore eit viktig tema i DLE sitt arbeid gjennom året.

Nokre av kontrollane DLE har gjennomført har vore samordna kontrollar saman med lokalt Brann/Feiarvesen, og Arbeidstilsynet.

DSB har hatt særleg fokus på brann i landbruksbygningar dei seinare år. Landbruk utgjør 80 tilsynsobjekt i forsyningsområdet vårt. Alle landbruksverksemder med dyr på bås hadde tilsyn sist gong i 2010.

Hos andre tilsynsobjekt slik som, næringsbygg, forsamlingshus, bensinstasjonar, driftsbygningar og liknande, er det blitt utført 20 verifikasjonar av dei elektriske anlegga.

Det har vore 6 brannar i bygningar som er melde til brannvesenet i 2013.

Til samanlikning var det 1 brann i bygning som blei meldt til Brannvesenet i 2012, - 4 brannar i 2011, - 1 brann i 2010 (starta på nyttårsaftan 2010), - 3 brannar i 2009, - 2 brannar i 2008 og - 11 i 2007. DLE ved Finnås Kraftlag nyttar seg av Haugaland Kraft sin spesialkompetanse ved brannetterforskning.

Informasjonsarbeid

Informasjonsarbeid er blitt ein stadig viktigare og aukande del av oppgåvene til DLE.

Det er Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB) som pålegg dette.

Det er i denne samanheng oppretta lett tilgjengelege informasjonssider på Internett under Finnås Kraftlag si nettside.

Her kan ein finna nyttige opplysningar om DLE sine gjeremål, el-tryggleik og tilgang til den nye el-sikkerhets portalen.

Det lokale el-tilsynet deltar også aktivt med ulike verkemiddel for å bidra til auka el-tryggleik, og for å førebyggja ulykker og brannar med elektrisk årsak.

I samband med dette har DLE prosjekt /aksjonar i lag med og i regi av DSB, Brann/Feiarvesen, forsikringsselskap og Arbeidstilsynet.

Her kan nemnast «Risikoaksjonen», "Aksjon bustadbrann", "Brannvern-veka" og "Open Brannstasjon".

I samband med tilsyn og ny tilkopling av anlegg, har me informasjon om el-tryggleik og utdeling av informasjonsmateriell til brukarane.

Det blir også gjennomført jamlege informasjonsmøter mellom DLE, elektroinstallatørar, elektromontørar og andre faggrupper i byggebransjen.

Medarbeidarar i Heimesjukepleia er også ei viktig målgruppe for DLE vedkommande brann- og eltryggleik heime hos dei eldre.

Finnås Kraftlag har i mange år gitt elevar i 9.klasse på Bømlo opplæring i el-tryggleik. Dette har vore i samarbeid med Haugaland Kraft ved kunnskapssenteret på Karmøy.

Denne opplæringa er no under revisjon og oppgradering til ein meir tenleg versjon.

I 2013 har DLE i lag med Brann- og Feiarvesenet utvikla eit tilbod med informasjon til denne gruppa omkring brann- og eltryggleik.

Energimålarar

I 2013 er det sett opp 175 energimålarar i nye anlegg. Det er samstundes skifta målarar i 56 eksisterande anlegg. Hos 111 bedriftskundar hentar me inn forbruksdata elektronisk kvar veke.

For å oppfylle krav frå Justervesenet, har Finnås Kraftlag eit samarbeid med firmaet Istad Noreg AS, på Tiller i Trondheim, om kvalitetssikring av målarparken vår. I driftsåret er ingen målarar sendte inn for kontroll. Dette har samanheng med føreståande målarskifte ved innføring av AMS.

Forskning og utvikling

Gjennom medlemskap i EnergiNorge, er Finnås Kraftlag med på felles forskings- og utviklingsprosjekt for bransjen.

Framtidig utvikling.

AMS (system for automatisk målaravlesing) er eit mykje omsnakka tema i kraftbransjen for tida. Me ser etter kvart òg konturane av andre store endringar i bransjen. Det vert arbeidd med planar for å oppretta ein såkalla «datahub», som eit sentralt innsamlingspunkt for alle forbruksdata for kraft i heile landet. I tillegg ser det ut til at det er kraftleverandøren som skal ha ansvaret for kontakten med kunden både for kraft- og nettenester. Korleis den nye kvardagen vil bli for oss i Finnås Kraftlag er ikkje lett å vita noko om. Det er likevel sikkert at ein del av våre arbeidsoppgåver vert endra. Me vil fylgja utviklinga nøye framover. AMS skal vera ferdig installert 1.1.2019.

Omkring 1980 starta eit omfattande arbeid med fornying av kraftnettet vårt. Dette arbeidet har pågått kontinuerlig sidan. Framleis står noko av det gamle høgspennetnettet frå utbyggingstida att. Ei fornying av dette nettet står høgt på arbeidslista vår framover.

Dei store vegprosjekta i Bømlopakken vil i mange år framover krevja stor innsats og store investeringar i nettet vårt. For ein del føl dei nye vegtraseane linjene våre, og det er naturleg å byggja om og leggja linjene i kablar i veganlegget. Ei slik omlegging gir òg eit sikrare nett med tanke på lyn og storm. Mange vil sei det er ein miljøgevinst at linjene forsvinn.

Både straum og breiband er viktig infrastruktur for Bømlø. Kraftlaget er difor ein viktig samfunnsaktør gjennom desse tenestene. Det er avgjerande at både straum og breiband er tilgjengelege heile tida. Leveringstryggleik er basert på sikre og gode nett, men òg gode system rundt tenestene, og ein gjennomarbeidd beredskap. Dette arbeidet må framleis ha stor plass i den daglege aktiviteten vår.

Rekneskap

Styret meiner den framlagde rekneskapen er dekkande for selskapet si stilling og resultat pr. 31.12.13.

Finnås Kraftlag hadde i 2013 ein omsetnad på kr.128 mill. mot kr.112 mill. i 2012.

Årsresultat før skatt vart kr.15,2 mill. og resultat etter skatt kr.11,4 mill. Tilsvarande tal for 2012 var høvesvis kr.19,4 mill. og kr.16,4 mill. Driftsresultat for 2013 vart kr.8,6 mill. mot kr.3,4 mill. i 2012.

Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE) fastset inntektsramma for nettverksemda. For 2013 var denne kr.46,9 mill. Selskapet har i 2013 hatt mindreinntekt (rabatt) på nett på kr. 8,8 mill. Rabatt inklusiv mva utgjer 7 øre per kWh. Mindreinntekta for 2013 er avskriven. I 2013 vart ordninga med rabatt på kraft avvikla, men alle kraftkundar får tilbod om å kjøpe kraft til innkjøpspris.

Varige driftsmidlar er pr. 31.12.13 bokførte med kr. 243 mill. Selskapet har ein totalkapital ved utgang av året på Kr. 304 mill. og egenkapital på kr. 256 mill. Eigenkapitalandel er 84 %.

